

# Analyseoversikten



Analyseoversikten er eit arbeidsverktøy for både sjukehuslegar, fastlegar og anna helsepersonell som tar prøvar av pasientar. Nettstaden gir hjelp ved alle typar laboratorieanalyser.


Brukarane kan enkelt finne ut ved kva medisinske problemstillingar dei ulike analysene er nyttige å bruke, og dei kan få tips til tolking av svar på prøvar for kvar enkelt pasient.

## Rask og mobil

Den dynamiske søkefunksjonen viser umiddelbart informasjon om analysen du søker etter. Nettsida er responsiv og passar like godt på mobil, nettbrett eller datamaskin.

Referanseområda til analysene ved alle laboratoria på Haukeland universitetssjukehus er alltid tilgjengeleg i analyseoversikten. Innhaldet blir oppdatert av personale frå laboratoria slik at alltid dei korrekte, kvalitetssikra verdiane er å få tak i.

Primærhelsetenesta kan også bestille gratis prøvetakingsutstyr via Analyseoversikten.



Analyseoversikten (biletet) vart lansert i november 2013 og er utvikla av fagpersonar i Laboratorieklinikken i samarbeid med primærhelsetenesta.

## Finansiering

Eigne midlar Laboratorieklinikken, Haukeland universitetssjukehus.

## Kontakt

analyseoversikten@helse-bergen.no  
www.analyseoversikten.no

